

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
029/2016	Formannskapet i Radøy	PS	17.03.2016
025/2016	Kommunestyret i Radøy	PS	19.05.2016

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Sveinung Kvamme	15/2288	16/2785

### Justering av retningsliner for tildeling av startlån

#### Saksopplysingar:

Kommunestyret har i sak 022/14 vedteke retningsliner for tildeling av startlån i Radøy kommune. I hovudsak følgjer desse den statlege forskrifta, men med ein del innskrenkingar. Etter punkt 4) i retningslinene er det personar med nedsett funksjonsevne og særleg vanskelegstilte som skal prioriterast for startlån.

I 2015 kom det 20 søknader om startlån, av desse fekk 14 avslag fordi dei ikkje er innafor dei prioriterte målgruppene. I 2014 var det 29 søknader, og 11 av desse fekk avslag. Ny forskrift vart sett i kraft frå 1. april 2014, og dette har vore klårt medverkande til at talet på søknader har gått ned.

I balansen pr 1.1.2015 stod det udekkta startlån kr 1.019.966 frå 2014. I løpet av 2015 er det betalt inn ekstraordinære avdrag på om lag 2,3 mill, og det er gitt færre tilsegner om nye lån. Dette gjer at Radøy kommune pr 1.1.2016 har kr 2.059.777 som startlånsfond, som kan lånast ut på nytt. Det er også søkt Husbanken om nye 3 mill til vidare utlån i 2016. Dette betyr at vi har monaleg meir midlar til utlån i 2016 enn i 2015.

Rådmannen vurderer det difor som ønskjeleg å mjuka litt opp på retningslinene, slik at også førstegongsetablarar med små barn vert ei prioritert gruppe. Ein føresetnad for dette er at søkjarane er økonomisk vanskelegstilte. Rådmannen meiner at ein difor skal leggja til grunn ei inntektsgrense på 5G for einslege (med barn) og 8G for familiar (med barn). Alle inntekter skal reknast med i denne avgrensinga. Det er også nødvendig å gjera ei avgrensing mot studentar, slik at studentar som følgjer eit normalt løp, ikkje kjem inn under ordninga. Dei fleste vil etter kvart koma i normalt arbeid, og vil kunna skaffa finansiering utan bruk av startlån.

Rådmannen ønskjer også å heva normalgrensa for tildeling av startlån frå kr 450.000 til kr 500.000. Grensa har vore om lag uendra i ei årrekke, og bør justerast som følgje av generell prisvekst på bustader.

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Radøy kommune sine retningsliner for startlån, punkt 4) vert endra slik:

Bruken av startlån vil kunna variera av ulike grunnar. Startlån er ein avgrensa ressurs, og søknader kan verta avslegne fordi låneramma er oppbrukt eller avgrensa, eller dersom trongen for bustad kan settast på annan måte. Når midlane er avgrensa, *vert følgjande grupper prioritert:*

- a) personar med nedsett funksjonsevne
- b) særleg vanskelegstilte
- c) førstegongsetablerarar med små born.

Gruppe c) er avgrensa til husstandar med samla inntekt under 5G (einslege med born) eller 8G (familiar med born). Alle inntekter skal reknast med når grensa vert fastsett. Det er ein føresetnad at inntektsnivået er varig, slik at t.d. studentar i eit normalt løp ikkje vil vera ei prioritert gruppe.

Punkt 8) i retningslinene vert enda slik:

Radøy kommune gir til vanleg startlån berre som topplån der private finansieringsinstitusjonar eller Husbanken gjev grunnfinansiering. Startlån vil til vanleg vera avgrensa til kr 500.000. I særlege tilfelle kan det også gjevast bustadtilskot. Dette føreset at fleire kommunale tenesteområde er involvert i prosessen.

### **Formannskapet i Radøy - 029/2016**

#### **FS - handsaming:**

Rådmannen viste til at sak om justering av retningsliner for tildeling av startlån er lagt fram på bakgrunn av signal frå politisk hald tidlegare. Justeringa vil gjera det mogleg å innvilga startlån til søkjarar innanfor fleire grupperingar innanfor dei knappe midlane som kommunen har til vidare utlån frå Husbanken.

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

#### **FS - vedtak:**

##### **Radøy kommune sine retningsliner for startlån, punkt 4) vert endra slik:**

Bruken av startlån vil kunna variera av ulike grunnar. Startlån er ein avgrensa ressurs, og søknader kan verta avslegne fordi låneramma er oppbrukt eller avgrensa, eller dersom trongen for bustad kan settast på annan måte. Når midlane er avgrensa, *vert følgjande grupper prioritert:*

- a) personar med nedsett funksjonsevne
- b) særleg vanskelegstilte
- c) førstegongsetablerarar med små born.

Gruppe c) er avgrensa til husstandar med samla inntekt under 5G (einslege med born) eller 8G (familiar med born). Alle inntekter skal reknast med når grensa vert fastsett. Det er ein føresetnad at inntektsnivået er varig, slik at t.d. studentar i eit normalt løp ikkje vil vera ei prioritert gruppe.

##### **Punkt 8) i retningslinene vert endra slik:**

Radøy kommune gir til vanleg startlån berre som topplån der private finansieringsinstitusjonar eller Husbanken gjev grunnfinansiering. Startlån vil til vanleg vera avgrensa til kr 500.000. I særlege tilfelle kan det også gjevast bustadtilskot. Dette føreset at fleire kommunale tenesteområde er involvert i prosessen.

### **Kommunestyret i Radøy - 025/2016**

#### **KS - handsaming:**

David Aasgard Pletten (KrF) synest det er uheldig at studentar skal ekskluderast frå startlån-ordninga. Han viste til at studentar og nyutdanna slit med å koma inn på bustadmarknaden.

Rådmannen viste til at studentar i eit normalt løp ikkje er i Husbanken si prioriterte målgruppe for startlånsordninga. Ved å opna for denne gruppa vil svært mange studentar kunne nytta seg av ordninga.

*Frode Hervik (V) sette fram følgjande endringsframlegg:*

I punkt C vert tekst etter komma i siste setning stroke.

Kommunestyret vedtok samrøystes formannskapet si tilråding med endringsframlegg frå Frode Hervik (V).

### **KS - vedtak:**

Radøy kommune sine retningsliner for startlån, punkt 4) vert endra slik:

Bruken av startlån vil kunna variera av ulike grunnar. Startlån er ein avgrensa ressurs, og søknader kan verta avslegne fordi låneramma er oppbrukt eller avgrensa, eller dersom trongen for bustad kan settast på annan måte. Når midlane er avgrensa, *vert følgjande grupper prioritert:*

*a) personar med nedsett funksjonsevne*

*b) særleg vanskelegstilte*

*c) førstegongsetablerarar med små born.*

*Gruppe c) er avgrensa til husstandar med samla inntekt under 5G (einslege med born) eller 8G (familiar med born). Alle inntekter skal reknast med når grensa vert fastsett. Det er ein føresetnad at inntektsnivået er varig.*

Punkt 8) i retningslinene vert endra slik:

Radøy kommune gir til vanleg startlån berre som topplån der private finansieringsinstitusjonar eller Husbanken gjev grunnfinansiering. Startlån vil til vanleg vera avgrensa til kr 500.000. I særlege tilfelle kan det også gjevast bustadtilskot. Dette føreset at fleire kommunale tenesteområde er involvert i prosessen.